



Foto: Gardsbarnehagen

Astrid Måkestad, som er rådgjevar for barnehage i kommunen, gjev ei positiv tilbakemelding til Dønhaug gardsbarnehage på årsplanen for 2014 og 2015. Det heiter om årsplanen at den har god informasjon til foreldre, kommune og andre interesserte om barnehagens mål og arbeid. Om layout heiter det at den er oversiktleg, har godt språk og gode bilete og er kjekk å lesa.

Årsplanen stettar krav som er sette i lova om barnehagar. Planen trekkjer dei store linjene og er eit godt grunnlag for detaljplanleggjing, dokumentasjon og vurdering.

Men det bør stå litt meir om vurderingsarbeid som grunnlag for utvikling av barnehagen som lærande organisasjon.

Tekst og nett: Ola Matti Mathisen